



Svein Mjåtveit og Jorunn Mjåtveit Erstad
Eikelandsvegen 130
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1908 - 14/6511

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
30.04.2014

RETUR AV IKKJE GODTEKE SØKNAD OM LØYVE TIL BRUKSENDRING TILKNYTT GBNR. 22/45 I MELAND KOMMUNE

Det vert vist til søknad motteke 25.4.2014 om løyve til bruksendring av hytte til heilårsbustad på gbnr. 22/45 i Meland kommune.

Før kommunen kan handsame ein søknad om t.d. bruksendring må søknaden innehalde naudsynte opplysningar og dokumentasjon i samsvar med Plan- og bygningsloven (pbl.) § 21-2 første ledd. Kommuneadministrasjonen finn i den samanheng at dykkar søknad ikkje kan godtakast på grunn av m.a. følgjande manglar:

- Den aktuelle bruksendringa må omsøkjast av eit føretak med godkjent ansvarsrett, j. pbl. § 20-1, sjå særleg andre ledd i lovføresegna:

«Søknad, prosjektering, utførelse og kontroll av tiltak som nevnt i første ledd skal forestås av foretak med ansvarsrett i samsvar med bestemmelser gitt i kapittel 22 og 23, med mindre annet framgår av §§ 20-2 eller 20-3.»

Det vert vidare vist til pbl. § 21-2 andre ledd:

«Dersom tiltaket ikke kan forestås av tiltakshaver, jf. § 20-1 andre ledd, skal det sammen med søknad om tillatelse, så langt det er nødvendig, søkes om lokal godkjenning for ansvarsrett for ansvarlig søker, ansvarlig prosjekterende, ansvarlig utførende og ansvarlig kontrollerende for prosjektering og utførelse, jf. kapittel 22 og 23. Søknaden skal gi de opplysninger som er nødvendige for at kommunen kan tildele ansvarsrett. Søknad om lokal godkjenning for ansvarsrett skal være undertegnet av foretaket som søker om ansvarsrett.»

- Gbnr. 22/45 er i kommuneplanen sin arealdel (KPA) avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF), jf. pbl. § 11-6. Innanfor LNF-områda gjeld det eit generelt forbod mot andre tiltak enn byggjetiltak tilknytt stadbunden næring. Den omsøkte bruksendringa er difor avhengig av det vert omsøkt og gitt dispensasjon frå arealformålet i KPA.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Søknaden er ikkje nabovarsla, jf. pbl. § 21-3.
- Søknaden inneheld elles ikkje tilstrekkelege opplysninger og dokumentasjon til at kommunen kan handsame søknaden, jf. Byggesaksforskriften (SAK10) §§ 5-4 og 5-5.

Saka vert på denne bakgrunn arkivert i påvente av eventuell innsending av nye og komplette søknader om høvesvis dispensasjon og byggjeløyve frå eit føretak med ansvarsrett.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.